

## **AVTALE**

mellom

**Meland kommune**

og

**Per Arne Traa og Kristin Brakstad Traa**

Eigarar av gbnr. 23/500 i Meland kommune

Avtalen gjeld tiltak for å unngå flaum i område rundt Holtermandsvegen. For å handtera overvatnet skal kommunen leggje overvassrøyr i område. Dersom overvassrøyra ikkje tek unna nedbøren, må vatnet gå via flaumveg. For å etablere flaumveg med tilstrekkeleg fall er det naudsynt at eksisterande veg til eigedomane vert senka. Samstundes med arbeidet vil eksisterande vass-og avløpsleidningar bli skifta ut.

Meland kommune og eigar av gnr. 23 bnr. 500 i Meland kommune har inngått følgjande avtale om overvasstiltak, der kommunen er ansvarleg for prosjektering, anleggsarbeid og seinare drift og vedlikehald:

1. Meland kommune gjevast rett til å senke eksisterande privat veg for å etablere ein flaumveg. Den aktuelle plasseringa av tiltaka er synt på vedlagte forstørring av kart i målestokk 1:1000. Det kan bli mindre tilpassingar innanfor anleggsbeltet i samband med detaljprosjekteringa og utføringa av anlegget.
2. Meland kommune har vidare rett til tilkomst til eigedomen i anleggstida og tilkomst for seinare tilsyn, vedlikehald og forsyning, samt rett til å nytte private framkomstvegar i samband med arbeidet og seinare kontroll.
3. Overvasstiltaka og seinare vedlikehaldsarbeid skal utførast slik at det valdar minst mogleg skade og ulempe. Der eigedomen vert berørt av anlegget skal dei opphavlege forholda bli gjenoppretta i den grad det er mogleg. Følgjande er nærare avtalt:
  - Av gjenoppettingstiltak vil kommunen asfaltera den private avkøyrsele på eigedomen. Utføringa av asfalteringa gjerast elles i samråd med grunneigar.
4. Kommunen er ansvarleg for at anleggsarbeidet og for eventuelle skadar som måtte oppstå som følge av tiltaket. Eventuell erstatning for skade eller ulempe som måtte bli påført eigedomen, til dømes setningskader, som følge av kommunen sitt anleggsarbeid skal erstattast ved minneleg overeinskomst eventuelt skjøn. Skadar ved kommunen sitt framtidige tilsyn, vedlikehald og fornying av leidningsanlegget skal handterast på same måte.
5. Byggetiltak som går ut over høgda på vegen eller som påverkar overvasstiltaka må godkjennast av kommunen på førehand. Elles må det tett inntil anlegget visast varsemd slik at det ikkje vert skadar.

Kommunen kan gje dispensasjon med vilkår frå førenemnde føresegner.

6. Etter at anleggsarbeidet er utført over eigedomen skal Meland kommune, saman med grunneigar, gjennomføre synfaring.
7. Denne avtalen skal tinglysast som hefte på eigedomen. Meland kommune betalar kostnadene ved tinglysinga.

Stad og dato:.....

Stad og dato: .....

Deleigar av gnr. 23 bnr. 500

Meland kommune

.....

.....

Personnr.:.....

Orgnr.: 951 549 770

Stad og dato:.....

Deleigar av gnr. 23 bnr. 500

.....

Personnr.:.....